


BOKN BYGDABLAD

Nr 5 - Juni 2000 - Årg. 15



Ta sjansen - s. 4



Ny serie - s. 6





Klassetur - s. 10



Bokn kommune
150 år

Kusymre
kommuneblom i Bokn





ORDFØRAREN RDET

Hei, igjen!

Tida går fort og sommarferien står for tur for dei aller fleste.

Tirsdag 23/5 hadde me storfint besøk på Bokn, då m.a. statssekretæren i Olje- og energidepartementet, direktørar i fleire oljeselskap og ordførarar i Tyskland og Norge var på Sjøhuset i Alvestadkroken til lunsj, etter den offisielle opninga av Europipe II på Bygnes.

KPC og Statoil er nå snart flytta frå Knarholmen, og me har begynt arbeidet med å få nye bedrifter til å etablere seg her. Det er nå ein regulerings sak for området ute til høyring, og kommunen har invitert ca 100 bedrifter og personar til Bokn den 16/6 for å informera om mulighetene som finst. Så er det å håpa at me klarar å få napp.

I forrige nr. av Bygdabladet informerte eg om at kommunen hadde store overskot, nå må eg dessverre seia at eg er uroleg for økonomien framover.

I Stortingsmeldinga som Kommunaldepartementet la fram om kommuneøkonomien blir Bokn ein av dei store taparane, og får redusert overføringane sine med ca. 4 mill kroner. Dette er ikkje behandla i Stortinget enno, men ein må nok rekna med ein reduksjon i inntektene. Dette gjer at det blir vanskeleg å oppretthalda og utvida tilboda kommunen gir til innbyggjarane.

Det blir også vanskelegare å foreta nye investeringar. Politikarane på Bokn vil nå gjera det dei kan for å få til ei best muleg løysing for Bokn, og at konsekvensane blir minst muleg.

Formannskapet har nå bestemt at me byrjar på kloakkledningane i Alvestadkroken. Arbeidet reknar ein med vil starta i september, og vil medføre ein del praktiske problem for mange med bl.a. stengte vegar ei stund.

Ein reknar med at arbeidet kan gjennomførast innan ei ramme på 1,2 mill.

Det er også vedtatt ein del tiltak for å trafikksikra den nye vegen til Boknatun og skulen, med fartsdumpar og skilting. Det vil også bli opparbeiddat fleire parkeringsplassar.



Den nye barnehagen, med Boknatun til venstre- og skulen til høgre i bildet, blir bygd langs den nye vegen, og skal vera innflytningsklar med opparbeida leikeplass i midten av oktober.

Foto: JH

**Svein Ove Alvestad
Ordførar**

KVA MED 2. ETASJE I KYRKJEBYGD SKULE?

Bokn driftsstyre ynskjer innspel på kva denne etasjen kan og bør brukast til når barnehagen flyttar til hausten.



- Er det automatikk i at heile huset blir kulturhus, og at ungdommen bør eller skal prioriterast?
- Er det naturleg at Fritidsklubben Petra, som i dag disponerer 1. etasje og 3. etasje saman med Bokn vevstove, også får bolt-ra seg i 2. etasje?
- Kanskje er etasjen ein midlertidig eller permanent plass for museumsgjenstan-der? Slik som t.d. den stakkars feringen som står ved Allrommet på Boknatun.
- Er det andre lag, organisasjonar, eller andre som har eit behov og ynskje om å disponera dette arealet?

Viss du har ynskjer , behov og meiningar, gir du desse til kulturkontoret innan 1. august.

Det har kome inn nokre idéar, ynskjer og be-hov, men ein har grunn til å tru at det er fleire som er opptatt av etasjen, og ein oppfordrar til å senda inn eit skriv!!!


Hugs at det er for seint å bry seg etter at det er bestemt kva etasjen skal brukast til.

KULTURMIDLAR 2000

Driftsstyrevedtak 15. juni:

Bokn barnaklubb	1.000
Bokn bedehus	2.000
Bokn hagelag	2.000
Bokn idrettslag	12.000
Bokn KFUK/-M	10.000
Bokn ride-køyrekl.	10.000
Bokn Røde Kors	6.500
Bokn søndagsskule	6.000
Bokn vevstove	2.500
Havnavegen velf.	4.000
Leirgrov velf.	4.000
Petra Fritidsklubb	10.000
Pluggen Motorklubb	20.000
SUM	90.000

7 av 13 søkarar fekk det dei søkte om,
4 søkarar fekk det same som i fjor samt ein
søkar fekk 500 meir enn i fjor.



BOKN BÅTFORENING TOK SJANSEN I HUMRAPARKEN

Tekst & foto: Trond Vatnaland

Lørdag 17. juni var vi samlet i nordre Vågholmen (Homraparken) til "ta sjansen" i lokal variant. Værgudene var med oss og viste seg fra sin beste side. Dette la en fin ramme rundt dagen. Over 20 båter og ca 120 personer fant veien til lått og løye



Vågholmsundet

med grilling og bading.

Bokn Båtforening hadde rigget opp apebro som skulle forseres på kortest mulig tid, noe un-



Tassen m/ Tor sin seglbåt

dertegnede ikke greidde uten å bli våt. Andre aktiviteter var kappsvømming i overlevingsdrakt, krabbeplukkingskonkurranse for de minste og badesklie.

Røde kors stilte med beredskap, og Hauge-



Daghild i farta på tauene

sund froskemannsskole var på plass med to mann. Arne Øvrebø ledet konkurransene med stor innlevelse og det ble en flott dag

En STOR takk til alle som har vært med å få dette i stand, og til alle som kom. Dette må vi få til flere ganger!

Apebroen vil bli hengende og kan BRUKES PÅ EGET ANSVAR av alle.

I Vågholmsundet overnattet hele 10 båter blant annet på den fine flytebryggen som er lagt ut for Bokn




Flytebrygga m/ Arne og Kjell Arne

Båtforenings medlemmer.

Lørdag kveld ble det stor aktivitet: Makrellen er kommet Søndagsmiddagen ble berget i en fei.

Det er kaffeslabberas fra kl 11.00 til 12.30 på sjøhuset til Egil Ognøy i Alvestadkroken



Fv.:
Steinar,
Per og
Tor

For medlemskap i Bokn Båtforening, kontakt Espen Alvestad, telefon 52 74 86 43
Du og dine er ellers velkommen til oss med ideer og innspill.

Mandag 5. juni samlet vi inn penger for Redningsselskapet. De lå i Føresvik med redningsskøyta og var godt fornøyd med resultatet, ca 8500,-.
Redningsselskapet kommer for øvrig tilbake med redningsskøyte til Alvestadkroken 8. juli (marknadsdagen) så sant de ikke er opptatt med redningsoppdrag.
Da er alle velkomne til en omvisning om bord.

TALLIMUS KLOVN

Nå vil jeg fortelle om Tallimus klovn.
Hans nese var rød som en glødende ovn.
Hans lepper var brede og føttene svære
og hatten var liten, slik hatter bør være.
Hans hår var i floker, umulig å gre ut –
han så omtrent ut som en klovn burde se ut.
Men Tallimus hadde det ikke så lett –
han var ikke morsom nok rett og slett.
Han hadde trompet og et knippe ballonger
og lappete bukser i rare fasonger.
Han snublet og kavet og sparket og datt –
men tenk, ingen lo i det hele tatt.
Han kunne slå salto og spille kornett
men var ikke morsom nok, rett og slett.
Til slutt ble Tallimus temmelig lei
av at ingen som så på han moret seg.
"Jeg føler meg virkelig håpløs og dum.
Det vil jeg fortelle mitt publikum."



Og så ble hans nummer fra først til sist
historien om hvorfor hans liv var så trist:
Om hvorfor han aldri fikk til det han ville –
om hvorfor han følte hans liv sto helt stille.
Men tror du folk rynket på nesen av det?
Nei, langt der i fra, de begynte å le!
De lo så de trillet, de lo så de ristet –
de lo så de briller og løstenner mistet.
De lo i hver gate, de lo i hver by –
de lo på hvert hjørne, på hver aveny.
De lo helt fra Bergen til Köln og Chicago.
De lo så de gikk hjem med kink og lumbago.
De lo så de gråt og begynte å danse
og latteren ville visst aldri helt stanse.
Men Tallimus sto i sitt sirkustelt
med hodet sitt bøyd og var uønsket helt.
Han sa: "Jeg blir virkelig ut av meg
når publikum hikster fordi jeg er lei."
Men latteren fortsatte, gjallet og låt
og Tallimus satt i teltet og gråt.

Shel Silverstein



HAN KJØRER OSS GJENNOM LIVET

Tekst & foto Reidar Alvstad

FRÅ BILMEKANIKAR TIL SJÅFØR

Det er bilmekanikar han er, drosjeeigaren på Bokn. Då John Magne Lie flytta hit med familien i 1981, kjørte han tankbil for Haugesund meieri. Han hadde ei kjørerte på Bokn, og ei på Karmøy. Men på grunn av at han måtte opp grytidleg for å nå første ferja til Bokn, og då dei var heldige og fekk leiga ein gard på Bokn, bestemte han saman med familien at det var like greitt å flytta hit. Den gongen leigde familien garden hos Gunda Thuestad, og dreiv med mjølkekyr i tillegg til kjøringa. Familien kom då frå John Magne sin heimagard i Sveio, kor ein eldre bror overtok.

NYTT HUS I UTMARKA

Eter 5 år på garden, fann familien ut at dei ville byggja nytt hus. Dei lika seg så godt på Trosnavåg, at dei like godt bygde rett sør for den garden dei hadde leigd. På oppsida av vegen kjøpte dei tomt av naboen Sigmund Grønnestad, og sette i gong med eit husprosjekt i eige regi. Tømmeret kjøpte dei på rot i Sveio, noko som gjorde at dei kunna byggja eit større hus for lågare pris. Mykje av arbeidet med huset gjorde også John Magne sjølv. Difor tok det litt lengre tid, men i dag ligg huset fiks ferdig på haugen med all verdas utsikt vestover mot Karmsundet og Karmøy. Sola har dei heile dagen, heilt til ho går ned i vest.



Her ser du utsikten vestover mot Karmsundet og Karmøy frå stova og verandaen på vestsida av huset. I forgrunnen ser du Middagsvatnet.

ALLE GENERASJONAR

I jobben som sjåfør for meieriet vart John Magne raskt kjend på Bokn. Men det var først då han begynte med drosjekjøring og kjøring av skulebarn at han blei skikkeleg kjend med folk.

Det var i 1985 at John Magne begynte med taxi. Han fekk tildelt drosjeløyve, men har også kjørt buss, og er undertransportør for Haugaland Billag, både når det gjeld skuleskyss og bestillingsbil til bussruter.

Som du sikkert forstår, likar John Magne å ha med folk å gjera. Difor blei det lite av mekanikarjobben, og meir av kjøringa. Etter å ha kjørt drosje nokre år, også i lag med kona Liv, starta han opp Bokn og Tysvær begravelsesbyrå i 1988. Bårebilane bygde han sjølv om til denne bruken.

I tillegg til dette har han utkjøring av Haugesunds Avis til abonnentar i Tysvær og Bokn. Til å begynna med var det 1800 aviser, medan det nå er det halve.



Skuleskyss er ei av dei viktige oppgåvene "Lien" har som transportør i Bokn. Her ventar bilane på resten av skulebarna før dei startar heimkjøringa.

GIR JOBB TIL ANDRE

Med alle dei oppgåvene John Magne Lie har tatt på seg opp gjennom åra, har det vore nødvendig med avløyning. Han og kona har ikkje kunna makta alt, og har nå eit par andre sjåførar som både tar helgevakter og kjøring elles. Det er Elly Borgenvik og Dagfinn Hognaland. John Magne har også tatt på seg ei oppgåve for politiet med å kjøra omkomne personar til Gades Institutt i Bergen når det er behov for obduksjon.

"LIEN" KJENNER DEI FLESTE

For dei fleste boknarane går John Magne Lie under namnet "Lien". Med dei mange oppgåvene han har innafor transportnæringa, lærer han folk å kjenna frå barnsbein av til langt ut i alderdommen.

"Lien" er etter kvart blitt eit begrep i Bokn. Alle kjenner

han – frå dei yngste til dei eldste. Slike folk blir ofte revystoff, og slik også med "Lien" som i siste boknarevy skulle vera sjåfør frå vogge til grav for den fortvilte dama som hadde fått beskjed om å ringa til Sauda for sjuketransport.

KREVANDE OPPGÅVER

John Magne likar seg i Bokn, og synes folk er greie. Han har vore oppe i mange tunge situasjonar i arbeidet med begravelsesbyrået, og særleg er det vanskelig når uventa ulykker rammar yngre personar. Då har det vore godt å ha dyktige og erfarne personar som støttespelarar. I starten av denne delen av arbeidet sitt fekk han hjelp både av Else Nilssen og Solveig Ognøy som hadde arbeid i kyrkja. Presten har også vore ein person som i eigenskap av sine oppgåver hjelper dei pårørande. John Magne hadde også nokre dagar i eit anna begravelsesbyrå for å læra då han sjølv starta med dette arbeidet. Då han var yngre, var John Magne av og til med mor si som nokre gonger hjalp folk på bygda med førebuing av gravferd. Slik sett var det ikkje heilt nytt for han. Etter kvart som han har fått meir erfaring i arbeidet, har han laga seg faste rutinar, og han synes arbeidet slik sett er enklare nå enn i starten. Han synes det er eit viktig arbeid som han ikkje har motforestillingar til, og det må utførast med respekt for avdøde og pårørande. John Magne seier at folk ofte reagerar heilt ulikt på dødsfall, men har inntrykk av at det ikkje lenger er så tabu-belagt som ein skulle tru. M.a. var han nyleg i ein skuleklasse og fortalde om denne delen av arbeidet sitt.




Heime hos Jon Magne Lien saman med kona Liv. Her får han inn ei taxibestilling på mobiltelefonen. Liv har mala nokre av bileta på veggen.

Nå når John Magne har ordna seg med vikarar som trer inn på faste helger og til andre tider, kan han vanlegvis slappa meir av, dersom det då ikkje kjem oppgåver på transport frå politiet. Også sonen kjører ein del for han. Men elles er det slik at han risikerar at telefonen ringer midt på natta rett etter at han har

kome seg i seng etter ein tur. Og dette må han rekna med. Folk er stort sett greie, og han er blitt kjend med mange eldre folk som fortel mykje. Og ofte har dei ei god historie på lager.

Arbeidsmengda i taxikjøringa varierar. I periodane med utbyggingsoppgåver på Kårstø, og nå sist også Europipe II på Bokn, var det ein topp i antal oppgåver. Sjølv om det har roa seg noko nå, synes han det er rimeleg bra med kjøreoppdrag.



Høgt og vestvendt ligg det romslege huset. Alltid mange bilar utafor.

LIV ER KUNSTNAREN

Du har sikkert sett Liv Lie på dei ulike salsutstillingane i Bokn for kunst og handverk. Ho driv med forskjellige ting, mellom anna rosemaling, men også oljemaling. Dette seier ho at ho har frå faren, som også malte. Heime i huset er det ein del maleri rundt om-



Liv har mala dekoren på dette kaffisetet. Ho har også rose mala skåla i bakgrunnen.

kring i huset som ho har mala. Ei tid mala ho også på porselen, og koppene me drakk av ved kaffibordet då eg var hos dei nyleg, hadde ho mala dekoren på. John Magne sjølv har meir enn nok med dei ulike ar-


JUBILEUM MED SUS I!

Tekst & foto: Jardar Havikbotn

1. Bokn KFUM/Bokn 1. KFUK, på folkemunne kalt speidarane, går inn i rekka av fleire jubileum dette året. 7. april var det stor feiring på skulen, på ekte speidarvis.

Gymsalen var, som han har vore fleire gonger i år, stappfull av feststemde folk rundt tre langbord, denne gong med speidarar frå heile Haugalandet. Det blei skikkeleg leven då festleiararen for første del av festen, Leiv Våga, presenterte alle gjestene, og fekk svar

tilbake med ein svært god lydstyrke. Det er ikkje til å koma bort i frå at slike humoristiske ritual med rop og smil skapar god stemning på ein enkel måte. Men det krev mot og litt barnleg sinn for å gjera noko slikt.



Leiv Våga med stort engasjement på


Eg har tidlegare skrive at speidarane imponerer meg med den uformelle, stemningsfulle og spontane tonen dei har på dei offentlege arrangementa sine, og heilt sikkert også på samlingane dei har kvar veke, og ikkje minst på turane. Men det som i tillegg imponerte meg denne gong var at laget var heilt sjølvhjulpne. Hans Marius Våga leste eigen prolog. Knut Ivar Alvestad og John Øvrebø framførte ein dialog som var eit historisk tilbakeblikk.

Dette var laga av Leiv og Hans Marius.



F.v.: John Øvrebø og Knut Ivar Alvestad stod for eit historisk tilbakeblikk

Astrid Våga og Grete Øvrebø akkompagnerte allsongane. Tor Harald Alvestad "trua" heile tida med å ta over konferansierrolla på scenen, og han tok også nokre kraftfulle rop saman med ulvane og meisane. Desse ungane framførte også ein pantomime over bibelhistoria *Den*



F.v.: Astrid Våga og Grete Øvrebø serverte vakre tonar på tverrflyøyte og piano.

store fiskefangsten på slutten av festen.

Laget viste at dei har mange potensielle leiarar, noko som kjem godt med no som Leiv har trukke seg meir tilbake. Marit

Øvrebø leia festen etter maten på ein glimrande måte. Ho overleverte Leiv ei rose samt tinte for lang og tru teneste gjennom 10 år! Kona til




Mange gaver vart utdelte under festen, her presenterer ordførar Svein Ove Alvestad kulturprisvinnarane.

Leiv, Solveig, var også i høgaste grad aktiv denne kvelden, sjølv om ho ikkje var så mykje på scenen. Men då ordføraren, som er nevø av Solveig og Leiv, delte ut kulturprisen, blei også ho fortent hylla på scenen (kulturprisutdelinga er tidlegare dekkja av Bygdebladet). Kommunen var, forutan ordføraren, representert med driftsstyremedlemmer og undertekna.

GÅVENE

Av kommunen, banken, Solholm og Loden Laks fekk speidarane eit flott telt, av 1. Førre ei budstikke, av 1. Stord ein kaffikjele, av 1. Tysværåvåg/Tysværåvåg 1.eit flagg og flaggstang, av Soknerådet ein primus, av Kretsstyret blommar og snop, og av Eva Svendsen kr. 500,- flaggstangtopp.



Vyrde forsamling av
kvinner og
menn

PROLOG AV HANS MARIUS VÅGA, 07.04.00
Vyrde forsamling av kvinner og menn
I kveld skal me feire med fynd og med klem
10 gode år med Boknaspeidaren
KFUK OG KFUM

Speidarhistoria er god og long
Det var i England det starta ein gong
Boden P. Samla ein tropp så sterk
Og gjekk så ut i skog og i mark

Der tende dei bål og spikka på tre
Og Bibel hadde dei også med
For speidarliv var for både kropp og sjel
Og alle som ville kunne ta del

Og fleire og fleire ville bli med
Fekk mot i brystet og stilege kle
Kunnskap om både natur og Gud
Og alle lærte dei speidarlovens bud

Noreg var det fødte speidarland
Med fjell og vidde, skog og strand
Så speidarrørsle fekk godt fotfeste her
Og vart etter kvart både brei og svær

Størst i landet var Rogaland
Men best i verda var Haugaland
Og speidaren i Noreg fekk sin topp
Når også Bokn fekk sin eigen tropp

For i 1990 stod gamle Finn prest
Saman med Leiv i litt for trang vest
Og sa: Gutar og jenter, berre kom!
Me har både utstyr og hus og rom

Og ungane var klare frå første stund
Ja, denne ideen var litt av eit funn!
Kjapt stod 1. Bokn og Bokn 1
På trygge og stødige og store bein

Og sidan har historia vore full
Av noko alvor og mykje tull
På patruljerommet eller ute på tur
I strålande sol eller i blytung regnskur

Solør, Mandal, Frette, Halsnøy
Store leirar er alltid gøy
Loten, Vågholmen og Borgenvik
Naturen på Bokn er også rik

Rønningen, Sandbekken, Vigdarheim
Alle namna dei har speidareim
Kanotur, haik eller segletur
Ut på tur, aldri sur!

Mange minner har me alle fått
Me hugsar litt tårer, men aller mest lått
Ulike ting har me kanskje opplevd
Men likevel er me alle saman vevd

Vevd saman i speidarrørslo stor
Gjennom speidarlovens gode ord
Gjennom det å alltid vere budd
Hjelpe andre og tene Gud

Speidarelden brenn inni alle oss
Som syng om ein veg og ein gammal kross
Som er glade i naturen og eit flammande bål
Og som vandra i saman mot det evige mål

Me er alle bundne saman i band
Gjennom helsinga me gjer med vår speidarhand
Og speidarkjenslo sit alltid rundt hjartet tett
"eingong speidar - alltid speidar" er faktisk rett!

Så ver helsa, speidarar i denne sal
Saman vert me eit veldig svært tal
Gratulerer med dagen alle i hop
10 år med turar, synging og rop
patruljemøter, pionering, leiking og kjeft


10 nye år vert knapt noko heft

For no brenn vår speidareld
På kvar ein varde kvar ein kveld
Og aldri vil elden slokne ut
Og alltid vil me vandre med Gud.



Klasseturen til 10.klasse

- 27. til 31.mai




av Lars Morten Kro

Turen til Oslo var ein tur der ingen har same meining om korleis den var, eller har opplevd det same! Det var ein tur der det ikkje gjekk an å henge etter på lasset for å få like mykje ut av turen som ein hadde lyst til. Dei som gjorde det fekk mange gode minner frå turen, men dei fleste fekk nok både gode



Dagen i Tusenfryd var lang for nokon og altfor kort for andre! Det var noko for dei fleste sin smak, nesten!




Data var det jo sjølvsgagt, men utruleg nok var ikkje data det som folk tenkte på desse dagane!



og vonde minner frå Norges "New York"!!

Då me kom til "storbyen", blei det store problem med å finne ut kva for ein trikk me skulle ta! Men etter kvart blei me erfarne "trikkekjørarar"! På vandreheimen fekk me den gode nyheita at me ikkje fekk romma før klokka tre,



Mange var på fotballkamp den første dagen, der Norge spilte mot Slovakia. Gleda var stor då Noreg vant kampen!



sentrum, og hadde oss ein liten handlerunde på "Oslo City", eit stort handlesenter. Seinare gjekk folk på kamp, eller Aker Brygge, og til slutt samlast alle på vandreheimen me budde på.


Dei neste dagane var både like og ulike kvarandre på ein



Dei flotte "dassane" på romma! Kompakt, men brukeleg for dei fleste!



"Japp Spaceshot" var ein oppleving for dei som prøvde seg! Ca. 70 m på 2-3 sekund var veldig fort! Det som var så bra var at det bekymra fjeset fleire hadde, var blitt til store glis på dei fleste!




Ikkje alle var snille som lam, særlig ikkje denne cowboyen her! FY!! :)

gong. Besøka på Tusenfryd, museum, Holmenkollen, m.m, gjorde forskjellen, mens ting som mobi



Holmenkollen er ein plass nesten alle besøker når ein er i Oslo! Den verdskjente hoppbakken er litt av eit syn!






Som ein kunne sjå på badet, var også romma kompakte! Men det bremsa ikkje på humøret!!



Øystein er litt trøtt!!



Klare for Superkino på Aker brygge!!

andre inne i byen! Tyskarar og diverse andre utlendingar med fotolinser var å treffe overalt på anlegget!

Elles var me på Imax - kinoen, Teknisk mu-



På omvisning i Stortinget! Greitt nok, men me fekk ikkje lov å sitte!!!



← Her på ein av dei mange trikketurane!

Det var ikkje ein sportsleg tur me var på, men det var nokon som ikkje klarte å dy seg!



seum og mange, mange butikkar!! Det med pengar er blitt veldig omtalt, men sanninga er at dei som hadde veldig mykje, kjøpte veldig mykje, mens andre brukte mindre. Men ein ting er sikkert: Det var verdier på fleire tusen berre i nyinnkjøpte mobiltelefonar med på heimturen!!



Det som var litt dumt var det forferdelige regnet som varte nesten heile turen! Men dei som ville bli brune gjekk på solarium! Men me er jo vant til regnet!!

På Holmekollen traff me på ein liten hyggelig fyr!

Så det var det var litt om klasseturen. Nokre stikkord er mobil, trikk, butikkar og pengar. Kjekk tur, men veret var litt dårlig! **Slutt!!**





av Lars Morten Kro

logo laga av Bjarne Våga

Så har det nok ein gong vore datahelg, men denne gongen var det fleire forandringar! Også fleire folk kom, og frå fleire aldersgrupper, noko som gjorde treffet meir variert og kjekkare! Minimum med problem var også med å gjere dette treffet proffare enn tidlegare treff.

Du huska kanskje korleis d såg ut i gymsalen forrige gong. Då var det to rekker der alle satt på yttersidene, og det var masse leidningar mellom dei! Så me bestemte oss for å gjere noko med rotet, så me satte opp eit system der to rekker der dei satt på begge sider med leidningane i midten av rekka, og i



Som du ser er det lite rot, og utnyttinga av plassen er betre! Kortare avstand mellom maskinane gjer det heile meir sosialt og!

staden for ein "hub" hadde me to!

Dette systemet fungerte heilt fint, men det begynte å bli litt lite plass i den eine "hub'en" for det kom fleire folk enn me forventa! Rekorden var 16 datamaskinar i salen på ein gong, som blei lett slått av dei rundt 25 som var nå! Sjøkket var ganske stort, fordi det var så få påmeldte, og at det kom så mange som var over ungdomsskule alder var også ein overaskelse!

Men det var jo nokre feil og! Det var ein som ikkje til datamaskinen i det heile tatt, og Internett blei det dessverre ingenting av. Grunna liten interesse blei heller ikkje kiosken opna. De er vel einige



Eit lite overblikk av korleis det såg ut! Ein motbevisning av at data er usosialt!!

i at i forhold til før, er dette ingenting!


Så er det over - igjen! Mange er fornøyde, men det kan alltid bli betre! Men det er ennå berre eit lite, ukjent treff, som har mykje å betre på skal det bli like bra som andre plassar i landet! Ikkje at det er noko mål å bli like alle andre treff, men i alle fall like bra eller betre kunne vore noko å satse på i framtida! Kven veit korleis Warzone er om 5-6 år!!




Ein nærmare kikk på "systemet": Mellom maskinane ligg alle leidningane som er i bruk, uten at dei er i vegen for nokon! Enkelt og greitt!



PÅ KRYSS & TVERS



av Lars Morten Kro



Vinnarar av mai-oppgåvene blei:
Oppg. 1: Ann-Karin Alvestad
Oppg. 2: Therese Våge
GRATULERER!
(Susanne Grønnestad og Lars Morten Kro har stått
for trekninga).
Vinnarane vil få Bingoflax-lodd

Kake - problem:

Hvis jeg spiser en kake til, dør jeg
og jeg dør hvis jeg ikke får en kake til.
Så fordi det er klart at jeg dør likevel
kan jeg like godt spise mer kake - med hell


- namnam - gulp-gulp -

Farvel!!

Løysningar!!

1

R	E	D	I	E	B	R	A	T	R	O	P	S	N	A	R	T
G	R	A	V	E	M	A	S	K	I	N	F	Ø	R	E	R	A
W	Ø	L	E	D	N	O	B	T	K	E	T	I	K	R	A	N
T	S	E	R	P	O	L	I	T	I	K	E	R	H	M	K	N
O	I	G	R	E	R	Ø	F	V	I	T	O	M	O	K	O	L
L	R	E	I	E	F	D	E	T	E	K	T	I	V	J	K	E
I	F	O	T	O	G	R	A	F	B	G	R	U	R	I	K	G
P	S	L	L	Æ	R	E	R	E	K	I	R	T	K	E	L	E



2

V	R	A	K		S	T	A	N	S		V	E	L	U	R
R	E	N	A	T	E		D	E	M	P	E		Ø	D	E
E	D	R	U		K	R	A	P	Y	L		S	K	Y	
D		O	K	E	R		M	A	G	E	R	T		R	Å
		P	E	S	E	R		L	E	N		Y	R		R
Å	T			S	T	I	V		R		G	R	E	S	S
T	A	G	G			E	I	K		S	I	E	S	T	A
A	R	A		F	O	R	D	R	A		R		T	E	K
K	A	L	I	U	M		D	A	G	T	O	G		R	
				R		G	E	N	R	E			V	I	N
B	E	S	K	U	E			S	A	B	L	A		L	Å
E	T	E	R		T	E	T		R	O	E	R	E		L
V	E	M	O	D		N	Y	S		K	R	I	L	L	
I	R	E	N	E		D	R	E	S	S		E	D	E	L
S	E	N	E	R		T	E	L	E		Ø		R	E	I
E	N	T	R	E		E	N	E	R		K	J	E	R	R

NYE OPPGÅVER

Innleveringsfrist: 1. august


Namn:

1

1	2	1	3	4	5 Y	6	7	8	9		10	3	11	12	13	11
4	10	7	1	6		13	10	11	1		11	14	7	1	3	
10	6	1	3	10		4	6	13	15	15	1		1	3	16	1
17		2	8	18	4	1		7	10		3	1	19	4	1	6
7	14		1	8		6	1	1	7	7			4	1		8
1	19	11		19	20	1		6	1	8	11	1	3		10	19
6	1	8	16	10	6		20	4	3	1	2	3	8	3	9	
4	6	13	1	3		1	6		1		8	13	3	1	3	1
		3	8	4	4	8	4	13		17	1	6	9		1	3
10	2	8	11		6	1		2	14	6		15		13	11	11
7	1	11	1	6	1	3		1		1	21		14	7		22
1	4	4		10	3	16	1	6	11		5		22	1	11	13
3			8	7	9	13	16	11		19	7	10	3			6
1	6	13	11		1	15	16	1	3		13	16	8	23	11	1
	20	4	18	13	6	15	1	4		20	18	8	3		5	4
	2	1	6	2		1	6	4		7	13	9	9	1	3	
11	1	6	8	1		3		1	16	1	3	1		8	16	1

Kodekryss!

Kodekryss er utan nøkkellord. I staden har kvar bokstav sitt eige tal. I denne oppgåva ser du at bokstaven "Y" har fått talet "5". Skriv "Y" i alle rutene med talet "5", og forsøk så å finne ut kva for nokre bokstavar dei andre tala står for! Lykke til!!!




2

I kva for eit fylke finn ein desse plassane?? Trekk strek!!

- 1: Moelv
- 2: Namsos
- 3: Nesbyen
- 4: Lakselv
- 5: Langevåg
- 6: Tysfjord
- 7: Skedsmo
- 8: Bykle

- A: Finnmark
- B: Møre og Romsdal
- C: Akershus
- D: Aust - Agder
- E: Nordland
- F: Nord - Trøndelag
- G: Buskerud
- H: Hedmark





**Nær
Butikken**

- for stort og smått -

**Alvestadkroken
Landhandel**

Norsk Tipping – Tankanlegg
5561 Bokn Tlf. 52 74 83



SOMMARMARKNAD!!!

Den tradisjonelle sommarmarknaden i Alvestadkroken blir dette året lørdag 8. juli kl. 10.00 – 14.00

Som vanleg får me sikkert fint vær! Og då lagar me til salsboder og demonstrasjonar av diverse varer på kaiområdet. Det blir smaksprøver og litt småmoro, med premie til dei søte små.

Dei me får besøk av denne gongen dagen er Redningsskøyta og Bokn Båtforening med redningsdemonstrasjon, og opplæring og veiledning for oss som er ved eller ute på sjøen. Bokn Røde Kors stiller med ambulansen, så ungane kan få seg ein prøvetur med han!

På sjøhuset sel me fiskesuppe, risgraut og heimabaks. 2. etasje er forbeholdt sal av hobby og brukskunst.

Butikken har for anledningen ope til kl. 15.00, der me har mange gode tilbod. Har du forresten hugsa å spela Lotto, Flax, Extra, Tipping eller Oddsen? Det er på tide med ein storgevinst på Bokn igjen!



**Vel møtt til ein triveleg dag og ein god handel!
Helsing oss på Landhandelen og Sjøhuset**



UTEDANS MED "LEIF & KOMPISANE" PÅ KNARHOLMEN 8. JULI!!



Foto: Lars Morten Kro



Bokn kommune
150 år

I jubileumsåret har kommunen inn-
gått eit samarbeid med BORK,
Idrettslaget, Musikkorpset og Røde
Kors om å arrangera ein utedans.

Desse fire laga har av jubileumskomiteén fått ein penge-
sum til arr. samt ein garanti for eit eventuelt underskot.

Knarholmenområdet er ypperleg til hendinga, og ein har
satsa på eit kjent band som spelar musikk for alle. Dei har
også vore i Bokn før, dengong laga dei eit fantastisk liv i
gymsalen, med svært flott lyd!

Dette er kvalitet – benytt sjansen – sjå oppslåtte plakatar!!

- redaktøren -

Siden det første albumet ble
gitt ut i forrige århundre, i
1985, har Leif & Kompisane
laget glade poplåter på rekke
og rad. Noen av dem hører du
på den nye cden "sanger fra
1900 talet". 15 år er gått, og
den ene hiten etter
den andre har
"plaget" livet av oss.
Det startet med vinyl-
singelen "Eg har 'kje
båd", og albumet
"Kom Tè Fantasi-
en" gitt ut på Siddis
Records i 1985.

Årene gikk, og i 1993
kom plate nummer to,
"Kanon beibi".

"Kanon beibi" var litt
røffere i kantene, men
likevel gladpopmusikk
på sitt mest fornøyeli-
ge. Foruten tittellåten,
lengtet folk til varme-
re og mer lettkledd
strøk da "Stranddag"
fløy ut av cd-spilleren
eller radioapparatet.

Enda røffere ble album num-
mer tre, "Baddel", i 1995.

"Alt eg har igjen" og "Hvis
du har lyst" ble spilt på radio-
stasjoner over hele landet. 12
nye sanger og godt forhånds-
salg. Produsenten Kyrre S.
Fritzner, spritet opp gjengen

og produktet.

"Full kontroll", den fjerde i
rekken ble utgitt i 1997 og ble
produsert av Torkild Viig.

"Morgen herlige" og "Syver"
fikk opp stemningen, enten de



Sjekk www.kompisane.no

ble spilt i bilen, hjemme eller
på en av de mange konserte-
ne.

Over hele landet, dirrer det
når Leif & Kompisane inntar
lokalene, folk lesker strupene
og synger med av full hals fra
første strofe.

I løpet av de femten årene så
har det vært ca 15 musikere
med i Leif & Kompisane, og I
dag består bandet av:

Leif Nilsen, sang, Mods
Helge Hummervoll, key-
board, Mods, Septem-
ber When
Torkild Viig, Bass,
Mods, September
When, Reidar Larsen
Vestlandsfanden....
Alf Terje Hana, gita-
rer, Wasaband. Vest-
landsfanden
Stene Osmundsen,
trommer, September
When, Morten Har-
ket, Anne Grete
Preus....

Den nye Cden "sanger
fra 1900 talet" har
vært forberedt i laaa-
ang tid og 15 mai er
det slutt på ventingen,
da ligger cden i butik-
ken, "sanger fra
1900-talet" inneholder

17 av de beste fra de 4 foregå-
ende album pluss 3 helt nye
sanger.

Leif & Kompisane har fått
hjelp av publikum som har
vist stort engasjement og har
via internett vært med på å
bestemme innholdet på denne
cden.



LÅTT OG LØYE

med Vegar Våge




-Hvor mange vil komme til himmelen, spurte søndagsskolelæreren. Alle rekker opp hånden – bortsett fra Nils.

-Nå Nils, hvorfor vil ikke du til himmelen?

-Jeg har lovet mamma å komme

-Hvordan går det med din sønns Legegjerning?

-Bra. Nå for tiden har han så mange Pasienter at han til og med har friskmeldt noen.



-Er en skilpadde bostedsløs, eller rett og slett naken?

HAHAHAHA



-Ser du den mannen der borte? Han var en gang verdens beste dyretemmer. Hans største nummer var å stikke armen langt ned i gapet på en løve. På den tiden kalte man ham for Dristige Oliver.

-Og hva kaller man ham nå?

-Enarmede Oliver.

Det finnes en måte å kvitte seg med ladaer på. Bruk en boks rustfjerner.

Har du hørt om svensken som skulle kaste seg på gulvet, og bomma?



HOHOHOHO

Mor til sin sønn:

-Per, hvor er karakterboken din?

-Jens låner den for å skremme foreldrene sine...

Reiselederen ved Niagarafossen:

-Nå må jeg be damene være stille, så vi kan høre fossen!




Så var det han som ble kalt kamera, det klikket for ham til stadighet.



-Det er synd på Pettersen.
-Hvordan da?
-Kona slanker seg, og Tvinger ham til å følge Den smme dietten – og nå har bikkja hans forsøkt å grave ham ned tre ganger.



-Fortel nå retten, lille Jens, om hvorfor du skjøt foreldrene dine.
-Jo, Frelsesarmeen skulle arrangere utfukt for foreldreløse barn, og så ville jeg gjerne vere med.



HEHEHE

Hjarteleg takk for alle
helsingar på min
80 års-dag!


Einar Alvestad



Hjarteleg takk for blommar og hel-
singar ved Hans Hetlands
gravferd.

Takk og til Bokn sjukestove for
god omsorg og pleie.

Helsing frå Karen, Håvard og Kari



Takk til Jon Bendik!

Organisten var gjen-
nom tre år, Jon Bendik
Hellland, seier nå takk
for seg. Me synes det er
leit å mista han, og
kjem til å sakna han,
men er likevel glad for
at han blei heile tre år
hos oss.

Det var ein ung orga-
nist me fekk, skuleelev
som han var, men dyk-
tig var han. Du har gle-
da oss med orgelspelet
ditt, Jon Bendik, og det
var godt å sitja og syn-
gja til tonane dine.

Postludiet knyta det seg
alltid spenning til. Kva
ville du spela for oss?
Det var mange overras-
kingar, alle positive. Du
lot oss få høyra mykje
av den nydelegaste or-
gelmusikken som fin-
nes.

Takk skal du ha Jon
Bendik, tusen takk, og
lukke til vidare.

Helsing Bokn sokneråd

Boligsparing med skattefradrag for ungdom under 34 år - et kjempetilbud til alle unge som vil ut av redet!



«På egne ben»

Spar til egen bolig og reduser skatten med 20% av det du sparer i året.
Du kan spare inntil kr 15.000,- i året (ca. kr 1.250,- pr. mnd.) på BSU- konto.
Dessuten tilbyr vi 90 % finansiering av det boligen koster til
bankens beste vilkår.



6%

Ta kontakt og opprett BSU-konto du også!

SpareBank 1 SR-Bank

BOKN

BOKN H-LAG

- Dagligvarer
- Bensin—Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk

SMARKED

BJØRN LINDANGER



Alt i Graving og Transport

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848

- Me utfører alt innen graving og transport.
 - Me formidler båring og skyting.
 - Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk
 - Levering av røyr og kummer.
- dumperbiler.



A. OLUFSEN SKIPSSERVICE A.S



AVD. BOKN

Tlf. 52 74 84 60 – Mob. 98 20 90 28


VI UTFØRER ALT INNEN: STÅL • ALUM. • RUSTFRITT • RØR-
ARBEID • MASKINARBEID • HYDR. • TESTING, SERTI-
FISERING AV KRANER • LASTE, LOSSEUTSTYR PÅ SKIP

SEBRA-SPØRSMÅL

Jeg spurte en gang en sebra:
Er du sort med hvite striper,
eller hvit med sorte striper?
Og sebraen så på meg og sa:
Er du sterk med svake sider,
eller svak med sterke sider?
Er du god med onde påfunn,
eller ond med gode påfunn?
Er du glad med triste dager,
eller trist med glade dager?
Er du flink med dumme innfall,
eller dum med flinke innfall?
Og slik fortsatte og fortsatte
og fortsatte den
og aldri, aldri, aldri, aldri
spør jeg en sebra
om striper igjen.



Shel Silvestein



BOKN KOMMUNE
SEKSJON KULTUR
5561 BOKN

MUSIKKSKULEÅRET 2000/2001

Pr. i dag kan ikkje kommunen
åleine gi eit tilfredsstillande og
breitt tilbod slik intensjonane er
for ein musikk- og kulturskule i
dag.

Samarbeidet med Tysvær og ev.
andre musikk- og kulturskular på
Haugalandet kan likevel gjera det
mogleg at ynskjene folk kjem med
blir realiserte. Då må elevane
rekna med å reisa eit stykke for å
få undervisning.

I Bokn kan desse aktivitetane bli
sette i gong:

Piano
Keyboard
Tverrfløyte
Gitar

Desse halvårssatsane gjeld:

- Einetimar (30 min./veke /
22.5 min./veke 800/600
- Instrumentalgrupper
(90 min./veke) 600
- Kor, leikarring, drama m.v.
(90 min./v) 465
- Aspirantopplæring 465
- Instrumentleige
pr. semester 215

Syskenmoderasjon gis med 30%
på den rimeligaste aktiviteten.

Påmeldingane blir registrerte i
rekkefølge etterkvart som dei kjem

inn. Dette blir gjort i tilfelle vente-
lister. Det er inga alders-grense i
musikk-skulen.

Har du spørsmål om musikkskule-
påmeldinga tar du kontakt med
Jardar på kulturkontoret.

**For påmelding, enten
det er på eit tilbod i
Bokn eller ynskje om
ein annan aktivitet, ring
eller skriv til kulturkon-
toret snarast om kva
du/dykk er interessert i.**

KULTURKALENDEREN

JULI

22.: Basar kl. 19.30, NMS

23.: Gudsteneste, kl. 19.00, vikar

AUGUST

6.: Møte kl. 19.30, Frelsesarmeen

7.: Møte Røde Kors Hjelpekorps

13.: Gudsteneste, kl. 11.00, Aurdal

16.: Skulestart, Bokn skule kl. 08.25

20.: Tur til planteskule Sandnes, arr. Hagelaget

20.: Bedehuset sin dag, kl. 13.00

• Veke 34 – Solsikkekonkurranse, skulen, arr. Hagelaget

22.: Oppstart for ulvungar og meiser

26.: Bokn Pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30

27.: Møte kl. 19.30, Blå Kors

27.: Distanseritt på Ognøy, arr. BORK

29.: Oppstart for speidarar

29.: Natursti til Sandvika – arr. Bokn hagelag

31.: Bokn pensjonistforening, allrommet kl. 19.30

SEPTEMBER

3.: Gudsteneste, misjonssøndagen, kl. 11.00, Aurdal

4.: Møte Røde Kors Hjelpekorps

5.: Friluftslivets veke; leirbålskveld i Ognahaben, arr. speidaren

5.: Misjonsfest, Det Norske Misjonsselskap

10.: Fest, kl. 19.00, NMS

15.: Basar kl. 19.30, Indremisjonen

17.: Gudsteneste med konf.pres. 50 års konf.
kl. 11.00, Aurdal

17.: Natursti, start kl. 13.00 frå kyrkja, grilling i
enden, arr. Hagelaget

Bokn idrettslag sine
arr. er ikkje med i det-
te oppsettet.

BOKN FYSIOTERAPI

Tysdag og torsdag
kl. 9.00 – 15.30

Direktenr. 52 75 25 33

Geir Austvik
fysioterapeut

FOTTERAPI

kvar fredag på
legekontoret
kl. 09.00 – 14.00

For påmelding,
tlf. 52 74 84 79

Rita Jensen
fotterapeut

SONETERAPI/ NATURMEDISIN

ope etter avtale
på fysioterapirommet.

Timebestilling:
52 74 86 11

Jorid Veia – heilpraktikar

LIKNINGSKONTORET

Kontordagar i Bokn
tysdag og torsdag
kl. 08.00 – 15.00

Tlf. 815 32 666
(skatteetaten)

Måndag, onsdag og
fredag kontordagar ved
Tysvær liknings- og
folkeregister i Aksdal
kl. 08.00 – 15.00

Gaute Kro
likningssjef i Bokn

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i Bok-
naton kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må
gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i
Tysvær andre vekedagar,
tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset
jordbrukssjef

BABYUTSTYR

- Stor SIMO sportsvogn/
komb.vogn
- Chicco paraplytralle m/
skygge
- Stellebord for badekar
- SIMO bærebag
- BABYBJØRN
bæresele

Til salgs, Rita Jensen
52 74 84 79

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Tlf. 52 75 21 50
Fax. 52 75 21 51

Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.

Ragnhild Ognøy: llinjenr. 150
Ingunn Sunde: linjenr. 152

Ingunn Sunde
trygdesjef



Ved oppringing etter kl. 15.00 må ein alltid nytta direkte nummer.

52 75 25 00	Sentralbord	
52 75 25 01	Rådmann	Jan Erik Nygaard
52 75 25 02	Økonomisjef	Solrunn Alvestad
52 75 25 03 91 35 40 82	Ordfører Tysdag – ring på førehand	Svein Ove Alvestad
52 75 25 04	Seksjonssjef sosial	Reidar Alvestad
52 75 25 05	Seksjonssjef teknisk	Hans Faye
52 75 25 07	Kommunekasserarkontor	Lindy Haram
52 75 25 08	Seksjonssjef kultur	Jardar Havikbotn
52 75 25 10	Seksjonssjef servicetorg	Gro Sørensen
52 75 25 15	Telefaks Boknatun	
52 75 25 30	Bokn sjukestove	
52 74 85 22	Legevaktsentralen	
52 75 25 34	Seksjonssjef helse	Gunn Grønnestad
52 75 25 36	Psykiatrisk sjukepleiar Tysdag/fredag 08.00 – 15.00	Laila Nemeth
52 75 25 40	Legeskontor	Mandag og torsdag
52 75 25 43	Helsesøster tysdag/torsdag Open helsestasjon torsdag	Eva B. Svendsen <u>FERIE VEKE 26-27-28</u>
52 75 25 45	Bokn Folkebibliotek	Annette Bokneberg
52 75 25 47	Kyrkjeverge Tysdag/onsdag 08.30 – 15.30	Svanhild Alvestad
52 75 25 50	Seksjonssjef skule	Dag Halvorsen
52 75 25 51	Rektor, skulen	Ingjerd Thuestad
52 75 25 54 91 53 79 26	Barnevernleiar Tysdag, og etter avtale	Eva Moi
52 75 25 66	Skulefritidsordning	Ranveig Nygaard
52 75 25 67	Telefaks skulen	
52 75 25 70	Seksjonssjef barnehage	Jarle Haakonseth
52 75 25 70	Petra Fritidsklubb	(På klubbkveldar)
52 75 25 80	Tannlege	Anita Knutsen

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR

Bokn kommune

5561 BOKN

Tlf 52 75 25 00

Fax 52 75 25 15

E-post: jhavikbotn@bokn.kommune.no

Bankgirokonto 3373 07 00305

Postgirokonto 0806 56 84501

BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

REDAKTØR

Jardar Havikbotn

Direkte tlf. 52 75 25 08

REDAKSJON

Jardar Havikbotn

Reidar Alvestad

Linda Ognøy

ABONNEMENT

Kr. 150,- pr. år

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 500,-

Halvside kr. 300,-

Kvartside kr. 150,-

1/8 side kr. 100,-

Privatann. kr. 30,-

Fastann. etter avtale

FRIST FOR STOFF

Etter avtale med redaktøren

BLADET KJEM UT

10 gonger i året (ikkje januar og august)

STORT FORSIDEBILDE

"Bokacabana" per 20. juni

Foto: Susanne Grønnestad.

TILBUD

STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 130,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

Kontakt Jakob Ullenes,

4150 Rennesøy

51 72 32 87

946 70 873

A-Blad

RETURADRESSE:
BOKN KOMMUNE
5561 BOKN



KANTINA

På fredagane treng ikkje dei som jobbar på Boknatun ta med matpakke. Då diskar nemleg fv. på bildet Inger Alvestad, Kjellfrid Bokneberg og Gunhild Grønnestad opp med dei lekraste retter. Frå kl. 11.00 til 12.30 kan folk nyta ein god lunch på Allrommet i eit godt miljø, enten dei kjem frå kommunale og statlege kontor i første etasje, helse-seksjonen, er reinhaldarar eller bankfolk. Ja, nokon må nødvendigvis ta med seg tallerkane sine tilbake til arbeidsplassen.

Her kan ein også finna Bygdeboknemnda, eller andre som er så heldige å ha møtene sine på fredagane. Det er ingen tvil om at dette skapar eit triveleg miljø, og dei ansette sett utruleg stor pris på den gode maten og det sosiale aspektet. Ja, for mange er dette høgdepunktet i ei travel arbeidsveke!

- Me set pris på at dei tilsette set pris på kantina vår, fortel Gunhild. Dei andre nikkar der dei set og tar seg ein velfortent blås på røykerommet, etter endt arbeidsdag. Damene er også samde i at prosjektet betyr mykje for dei, og dei er glade for at det vil halda fram til hausten. Kjellfrid og Gunhild har vore med sidan starten i februar i fjor. Då var det naturleg nok meir travelt enn no når dei er tre. Inger byrja like før påske i år, og no startar dei arbeidsdagen kl. 10.00. I opningstida står ein i oppvasken medan dei andre er ute i kantina.

Tre rettar står på menyen, Ostehorn m/salat, Nybakte rundstykke m/salat, og påsmurte rundstykke – og sjølsagt kaffi, te og brus. Ostehorna og rundstykkka bakar dei på ein annan dag to gonger i mnd.

- Det er ein god tone mellom oss tre, seier Kjellfrid.
- Å, ja da, me har ikkje krangla enno, smiler Inger.

Me gler oss til hausten!

Tekst & foto: Jardar Havikbotn


1. KLASSINGAR OM ÅR 2000



Irmelin: Eg vil at det skal vera grønt gras så eg kan rulla meg rundt i det og sjå på himmelen.



Thor Andrè: Me skal vera snille med alle i verden. Også vil eg ikkje at skrapebilane skal skrapa vekk snøen viss det blir snø.



Åse: Å senda opp raketter. Spela gameboy med Vegard. Tegna, farga. At me kosar oss med mamma og pappa.